

Saksgang

Utvål	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		16.09.2020

Tilskot til Breiband 2020 - prioriterte utbyggingsområde i Vestland

1. Vestland fylkeskommune set av midlar til utbygging av breiband i følgjande områda:

Kommune	Område	Tilskot
Fjaler	Hellevik, Straumsnes, Våge-Korssund-Lammetun, Jarstad-Berge, Gota-Stav	1 760 000 kr
Stad	Kjølsdalen	2 075 000 kr
Øygarden	11 mindre område	4 275 000 kr
Ulvik	Ulvikpollen og gardane rundt	4 000 000 kr
Sunnfjord	Fjorden utbyggingsområde	1 200 000 kr
Ullensvang	Opdal/Legene, Buer/Odda	700 000 kr
Sveio	Åsbø-Kinn, Apeland/Dunjo, Nordskog, Grimstvedt, Færås, Rossehaug, Håvardsholm/Bjørga/Buvika, Vigdarheim, Flatnesveien	7 950 000 kr
Høyanger	B3 Vamråka, Søreide, Østerbø, Sørebø, Bjordal, Førde, Osland, Leirnes	3 885 000 kr
Samanger	Hisdal – Trengereidfjord	600 000 kr
Høyanger	A1 Ortnevik	734 000 kr
Stad	Restområder i Stad	1 800 000 kr
Osterøy	Greve-Skår, Kvisti-Stoknes, Hannisdal, Brakavatn	1 180 000 kr
Årdal	Fardalen	400 000 kr
Høyanger	B5 Fridtun - Ikjefjordbruka - Ikjefjord	1 710 000 kr
Høyanger	E2 Rå - Aven - Torvund	1 350 000 kr
Høyanger	E3 Mjellelia - Norevik - Avsneset	1 620 000 kr
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika	635 593 kr
SUM		35 874 593 kr

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

2. Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, midlar sett av til breiband på innovasjon og næring sitt budsjett for 2020, samt renter og restmidlar frå tidlegare år.

3. Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

4. Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland før utlysing av konkurransen får administrasjonen fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste:

Kommune	Område	Sum
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika (rest)	239 407 kr
Samnanger	Gjerdsvegen og Steinslandsvegen	250 000 kr
Aurland	Thy-Volda-Skjerdal	700 000 kr
Bjørnafjorden	Bogstrand og Lønningdal	2 100 000 kr
Samnanger	Kleppe - Kvernes - Skar - Litangen - Li	900 000 kr
Høyanger	D1 Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm	455 000 kr
Høyanger	E1 Ringereide - Alværa - Bosdalen	835 000 kr
Høyanger	H3 Nordeide - Berge	630 000 kr
Høyanger	J3 Bessastrand-Nesfjøra-Sagadalen	505 000 kr
Vaksdal	Fosse	666 667 kr
Vaksdal	Skreia	2 666 667 kr
Vaksdal	Bergo	266 667 kr
Vaksdal	Fjellanger	400 000 kr
SUM		10 614 408 kr

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste tildelingsrunde.

5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere 1 000 000 kr. til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, nettverksarbeid, samlingar med meir.

Samandrag

I denne saka føreslår vi å tildele midlar til breibandutbygging til 11 kommunar. Midlane skal delfinansiere utbygging i område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut, og gje hustandar og verksemder som i dag har 30 Mbit/s breiband betre dekning. Dersom det skulle bli meir midlar tilgjengeleg for breibandutbygging har vi gitt dei søknadane som ikkje nådde opp ei prioritert rekjkjefølge.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframleggget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Skjema med evalueringsskriterier - Breibandutbygging i Vestland 2020
- 2 Oppdragsbrev for Statsbudsjettet 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune disponerer midlar frå staten og eigne midlar som skal gå til breibandutbygging i fylket. Størstedelen av midlane kjem frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og det er sett ei rekke vilkår for bruk av midlar. Vi lyste før sommaren ut midlane, og i denne saka legg vi fram tilråding på fordeling av ramma til breiband for 2020.

Vi viser elles til eiga referatsak om strategisk arbeid med breiband og digital infrastruktur i Vestland.

Omtale av ordninga i 2020

Midlane må tildelast i tråd med den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging. Ordninga er retta mot hustandar, og private og offentlege verksemder som i dag har eit breibandstilbod som er årlegare enn 30 Mbit/s. Hovudkriteriet for ordninga er tal hustandar og verksemder som får tilbod om høghastigheitsbreiband som følgje av ordninga. Høghastigheitsbreiband er i denne samanheng definert som over 30 Mbit/s.

Tidlegare har det vore ulike ordningar der Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet (Nkom) har tildelt midlar, eller godkjent innstillingane til fylkeskommunen. Frå 2020 har fylkeskommunen ansvaret for ordninga. Det er likevel ei rekke krav til korleis fylkeskommunane forvaltar midlane. Vi nemner nokre av dei meir overordna her:

Prosjekta det vert søkt om støtte til skal vera teknologinøytrale, det vil sei at det til dømes ikkje kan stillast krav om fiberbreiband. Det er også eit krav at lokale bidrag samla sett for kvar fylkeskommune skal utgjera minimum 25% av dei totale prosjektkostnadene. Fylkeskommunen har ansvar for at prosjekta blir gjennomført i tråd med regelverket for offentleg innkjøpt og statsstøtteregelverket. Som ein del av dette har vi meldt ordninga inn til ESA gjennom GBER-forordninga (gruppeunnataksordninga). Fylkeskommunen har også ansvar for å gjennomføre ei rettleiande kunngjering og for ei felles konkurranseutlysing av alle prosjekt i fylket.

Når hovudutvalet har vedteke tilskota for 2020 vil vi saman med kommunane førebu ei felles utlysing av midlar, og støtte kommunane gjennom kontraktsforhandlingar fram til kontrakt er inngått med leverandør.

Utlysing

Innan søknadsfristen 30. juni var det kome inn 18 søknader. I etterkant har ein søknad blitt tatt ut frå vurderinga då det er kome fram at deler av området ikkje kan få støtte fordi dei allereie har fiber. I denne saka vurderer vi 17 søknader frå 14 kommunane som til saman søker om 46,5 mill. kr.. Dei totale prosjektkostnadane er langt større. Under er ei oversikt over søknadane. Nokre kommunar har søkt om fleire område/delprosjekt i ein søknad.

Kommune	Prosjekt/Områder	Søknadssum	Tal hustandar og bedrifter
Aurland	Thy-Volda-Skjerdal	700 000 kr	6
Bjørnafjorden	Bogstrand og Lønningdal	2 100 000 kr	46
Fjaler	Hellevik, Straumsnes, Våge-Korssund-Lammetun, Jarstad-Berge, Gota-Stav	1 760 000 kr	200
Høyanger	Fleire områder	12 599 000 kr	388
Osterøy	Greve-Skår, Kvisti-Stoknes, Hannisdal, Brakavatn	1 180 000 kr	81
Samnanger	Gjerdsvegen og Steinslandsvegen	250 000 kr	22
Samanger	Hisdal – Trengereidfjord	600 000 kr	80
Samnanger	Kleppe - Kvernes - Skar - Litangen - Li	900 000 kr	25
Stad - pri 1	Restområder i Stad	1 800 000 kr	51
Stad - pri 2	Kjølsdalen	2 075 000 kr	191
Sunnfjord	Fjorden utbyggingsområde	1 200 000 kr	75

Sveio	Åsbo-Kinn, Apeland/Dunjo, Nordskog, Grimstvedt, Færås, Rossehaug, Håvardsholm/Bjørga/Buvika, Vigdarheim, Flatnesveien	7 950 000 kr	120
Ullensvang	Opedal/Legene, Buer/Odda	700 000 kr	42
Ulvik	Ulvikpollen og gardane rundt	4 000 000 kr	230
Vaksdal	Fosse, Bergo, Fjellanger, Skreia	4 000 000 kr	20
Øygarden	11 mindre område	4 275 000 kr	289
Årdal	Fardalen	400 000 kr	10
Totalt		46 489 000 kr	1876

Økonomisk ramme

Den nasjonale ramma er på 406 mill. kr. og Vestland har fått 32,52 mill. kr. fra KMD (8 %). I tillegg til dette har vi noko midlar frå innovasjon og næring sitt budsjett for 2020, og noko midlar som skriv seg frå renter og innsparinger på prosjekt.

Økonomisk ramme	
Ramme frå KMD	32 520 113 kr.
Budsjett innovasjon og næring 2020	2 500 000 kr.
Innsparinger frå prosjekt tidlegare tildelt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune	648 649 kr.
Renter frå 2019 avsett av Sogn og Fjordane fylkeskommune	1 205 831 kr.
Sum tilgjengelege midlar for denne saka	36 874 593 kr.

Retningslinene frå KMD opnar for å nytte inntil 5%, men maksimalt 1 000 000 kr. til administrasjon av ordninga. Utover dette skal midlane gå til investeringar i område der det ikkje er NGA-nett (Neste generasjon aksessnett) frå før, og der det ikkje er planar om slik infrastruktur dei neste tre åra.

Ressursar til kunnskapsgrunnlag, strategiutvikling, nettverk og samarbeid

Det er trong for å utarbeide eit betre kunnskapsgrunnlag, eit betre kartgrunnlag, og å ha eit utstrekkt samarbeid med både kommunane og IT-forum. Dette vil krevje ekstra ressursar framover. I 2020 har vi til dømes arrangert ei to-dagars dialogsamling med kommunane og leverandørane. Slike arrangement vil vi halde fram med og gjere meir av. Det er ein fordel å samlast, sjølv om vi i ei tid framover må ha ein del digitale løysingar. Kommunane er jamt over svært nøgde med at fylkeskommunen tek ansvar for ei felles konkurranseutlysing frå 2020, og at vi er med i forhandlingar, utarbeidar malar for kontrakt med meir. Mange har ytra ynskje om meir nettverk og opplæring.

Vi har til no i år også nytta noko ressursar til å hente inn erfaringar og gå gjennom utforming av konkurransedokument. Det blir difor føreslått å sette av 1 000 000 kr. som administrasjonen får fullmakt til å forvalte.

Vi viser også til eiga referatsak om strategiske prosessar for breibandutbygging i Vestland.

Vurdering og prioritering mellom søknadane

Det er 35 874 593 kr. tilgjengeleg til fordeling mellom søknadane.

Rammer – må oppfylle vilkåra i regelverket

Det første vi må gjøre er å sjekke at søknadane er innanfor regelverket, og at dei opplysingane som ligg i søknadane er rette. Vi har bedt om adresselister knytt til søkerne for at tala i best mogleg grad skal vere kvalitetssikra. Vi har fått adresselister frå dei fleste, vi ser likevel at nokre gjev opp ca ta for dekning og seier at nokre få hustandar i området har god nok dekning. Dekningskarta er ikkje heilt korrekte. Det er såleis ikkje 100% sikre tal på dagens dekning, og det er for tidkrevjande no å gå grundigare inn på det. Tal og grunnlag må kvalitetssikrast betre i samarbeid med kommunane før utlysinga.

Vi har gjennomført ei rettleiande kunngjering på Doffin. Føremålet med denne kunngjeringa er å sjekke i marknaden om det ligg føre planar kommersielle planar om å bygge ut breiband med NGA i det aktuelle område dei neste tre åra. Frist for leverandørane av breiband på å kome med tilbakemelding var 1. september 2020. Innan fristen fekk vi eitt innspel:

I søknaden frå Alver er det tre område der det i dag allereie finst fiber, dette ser ut til å stemme med dekningskarta. Vi har hatt kontakt med Alver, og er samde med dei om at det ikkje er grunnlag for å vurdere søknaden no. Dei jobbar heller vidare med ny søknad i neste utlysingsrunde.

Tildelingskriterium for 2020

Dei overordna kriteria frå Nkom ligg i botn, dei slår fast at hovudkriteriet for ordninga er tal hustandar og verksemder som får tilbod om høghastigheitsbreiband som følgje av ordninga. I utlysingsteksten har vi skrive at vi legg til grunn følgjande kriterium for tildeling:

- Dekning i dag, og betring av tilbod
 - Kostnadseffektiv utbygging, tilskot per hustand og bedrift
 - Finansieringsdel frå og andre finansielle bidrag i prosjektet

Vi har bedt kommunane spesifisere anna finansiering i søknadane, til dømes det private bidraget. Dette er gjort i varierande grad, og nokre har slått dette i hop med utbyggar sin eigendel. Vi har difor ikkje talgrunnlag vi kan direkte samanlikne på alle område. Dette gjer at vi berre kan vurdere andre finansielle bidrag i prosjekter gjennom ei skjønnsvurdering.

Kriteriesettet vi har nytta ligg ved saka.

Vurdering av søknadane

Vedlagt evalueringsskriterier er nyttå for å vekte søknadane opp mot kvarandre.

Nokre kommunar har mange område inne i ein søknad. Vi har delt opp Vaksdal sine område etter ynskje frå kommunen. Vi har også delt opp Høyanger sine område, då dei sökte om ein svært høg sum.

Søknadane er rangert slik:

Vi har søknader som langt overstig det vi har tilgjengeleg. Vi legg fram ei prioritering av dei søknadane som ikkje nådde opp i denne omgang. Denne prioriteringa gjer vi i fall det skulle kome restmidlar til ordninga som følgje av innsparingar i andre prosjekt eller av andre grunnar, då kan vi nytte desse midlane til dei neste på prioritieringslista og få flest mogleg prosjekt med i neste utlysingsrunde.

Vedtakskompetanse

Punkt 3 i reglement for hovudutval for næring. Utvalet har avgjerdsmynne i saker knytt til fordeling av statleg tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål, og i tilskotsaker vedkomande regional utvikling

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tilskotet vert dekka av midlar disponible på innovasjon og næring sitt budsjett for 2020

Klima: Eit godt breibandtilbod kan spare reiser i samband med mellom anna møter, og er eit godt klimatiltak

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Breiband blir handsama i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling Strategi 3.3 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur og sikrar mobilitet og digitale tenester.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å sette av midlar til følgjande område:

Kommune	Område	Tilskot
Fjaler	Hellevik, Straumsnes, Våge-Korssund-Lammetun, Jarstad-Berge, Gota-Stav	1 760 000 kr
Stad	Kjølsdalen	2 075 000 kr
Øygarden	11 mindre område	4 275 000 kr
Ulvik	Ulvikpollen og gardane rundt	4 000 000 kr
Sunnfjord	Fjorden utbyggingsområde	1 200 000 kr
Ullensvang	Opedal/Legene, Buer/Odda	700 000 kr
Sveio	Åsbø-Kinn, Apeland/Dunjo, Nordskog, Grimstvedt, Færås, Rossehaug, Håvardsholm/Bjørga/Buvika, Vigdarheim, Flatnesveien	7 950 000 kr
Høyanger	B3 Vamråka, Søreide, Østerbø, Sørebø, Bjordal, Førde, Osland, Leirnes	3 885 000 kr
Samanger	Hisdal – Trengereidfjord	600 000 kr
Høyanger	A1 Ortevik	734 000 kr
Stad	Restområder i Stad	1 800 000 kr
Osterøy	Greve-Skår, Kvisti-Stoknes, Hannisdal, Brakavatn	1 180 000 kr
Årdal	Fardalen	400 000 kr
Høyanger	B5 Fridtun - Ikjefjordbruka - Ikjefjord	1 710 000 kr
Høyanger	E2 Rå - Aven - Torvund	1 350 000 kr
Høyanger	E3 Mjellelia - Norevik - Avsneset	1 620 000 kr
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika	635 593 kr
SUM		35 874 593 kr

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

Tilskota vert dekk med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, midlar sett av til breiband på innovasjon og næring sitt budsjett for 2020, samt renter og restmidlar frå tidlegare år.

Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

Dersom det kjem ekstra midlar til breibandutbygging i Vestland rår vi til at administrasjonen fullmakt til å tildele midlar i tråd med følgjande prioriterte liste.

Kommune	Område	Sum
Høyanger	H1 Ljotebøen - Klævild - Frivika (rest)	239 407 kr
Samnanger	Gjerdsvegen og Steinslandsvegen	250 000 kr
Aurland	Thy-Volda-Skjerdal	700 000 kr
Bjørnafjorden	Bogstrand og Lønningdal	2 100 000 kr
Samnanger	Kleppe - Kvernes - Skar - Litangen - Li	900 000 kr
Høyanger	D1 Bekken - Hellebøstranda - Værholm - Øvre Værholm	455 000 kr
Høyanger	E1 Ringereide - Alværa - Bosdalen	835 000 kr
Høyanger	H3 Nordeide - Berge	630 000 kr
Høyanger	J3 Bessastrand-Nesfjøra-Sagadalen	505 000 kr
Vaksdal	Fosse	666 667 kr
Vaksdal	Skreia	2 666 667 kr
Vaksdal	Bergo	266 667 kr
Vaksdal	Fjellanger	400 000 kr
SUM		10 614 408 kr

Dersom det ikkje er mogleg å støtte prosjekta i denne konkurranserunden, så må dei søkje på nytt i neste runde.

Søknaden frå Alver er ikkje vurdert då det gjennom rettleiande kunngjering kom fram at større deler av område allereie er bygd ut.

Det er trong for å nytte noko av den tilgjengeleg summen til å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag og setje enno meir trykk på arbeidet med breiband, mellom anna gjennom nettverksarbeid og samlingar. Fylkesdirektøren rår difor til sette av 1 000 000 kr. til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, nettverksarbeid, samlingar med meir.